

Reglement for Vinstra Ungdomsskole – rev 2023

Del B

Mål:

Vinstra ungdomsskole skal vere ein skole der trivsel, respekt, medansvar og samarbeid gir ein positiv skolekvardag for alle.

For å få til dette må vi:

- oppmuntre kvarandre og gi positive attendemeldingar.(**samarbeid**)
- halde god orden inne og ute.(**medansvar**)
- Ta av yttertøy i timane (**trivsel**)
- gi kvarandre arbeidsro (**trivsel**)
- ta omsyn til kvarandre og behandle kvarandre med **respekt**
- unngå hardhendt leik, stygg munnbruk, plaging og erting (**trivsel**)
- møte presis til timane
- sørge for å ha med det vi treng til timane (**ansvar og respekt**)
- halde oss innanfor skoleområdet
- ta vare på bøker, pc- og andre læremiddel (**medansvar**)
- ikkje ha med eller bruke tobakk, snus og rusmiddel
- ikkje utføre straffbare handlingar som t.d tjuveri, bruk av fyrverkeri og vald
- ikkje ta med eller ha farlege gjenstandar som t.d. stikkvåpen, slagvåpen eller anna type våpen på skolen

Regelbrot som verkar inn på ordenskarakteren kan vere:

- manglande førebuing til opplæringa og liten innsats i timane
- manglande innleveringar av skolearbeid
- gløyming av nødvendig utstyr til timane, som t.d bøker, gymklede m.m.
- manglande fråværsmeldingar
- manglande respekt for skoleklokka
- skulk av dagar eller enkelttimar
- opphold utanfor skolen sitt område
- skade på skolebygget eller skolens inventar
- skade på skolebøker og anna undervisningsmateriell
- Fusk eller forsøk på fusk aksepteres ikke, plagiat eller kopiering av arbeid er forbudt.

Skolen krev erstatning ved skade på skolebygg og skolen sitt inventar/læreverk.

NB. Skolen kan krevje erstatning for øydelagt skolemateriell og bøker som ikkje vert levert attende ved skoleslutt.

Regelbrot som verkar inn på åtferdskarakteren kan vere:

- mobbing, krenkjande ord og uttrykk, bildetaking og distribusjon, rasistiske utsegn og handlingar.
- forstyrring av undervisninga, uro på studietid og ved fellesarrangement i auditoriet, gymsal m.m
- frekk eller provoserande åtferd, og manglande respekt for pålegg frå rektor, lærarar og andre

tilsette ved skolen

- manglande respekt for elevvakter
 - snøballkasting, vasspruting og liknande
 - å forstyrre undervisninga, vere uroleg på studietid, større fellesarrangement i auditoriet, gymsal m.m.
 - Bruk av mobiltelefon i skoletiden. Slikt utstyr skal leveres inn på mobilhotellet. NB skolen erstatter ikke slikt utstyr
 - misbruk av skolen sine datamaskiner og nettvertsreglar (sjå vedlegg til ordensreglement)
 - røyking, snusing eller rusmiddelbruk
 - hærverk på skolebygget eller skolens inventar
 - hærverk på skolebøker og anna undervisningsmateriell
- (NB! Hærverk: erstatningsplikt på inntil kr 5000 pr skade)

Dersom ein elev gong på gong skulkar, kjem for seint til time, eller går utanfor skolen sitt område i friminutta, vil dette bli sett på som eit åtferdsproblem.

Skolen nyttar desse sanksjonane ved regelbrot:

- kontakt og samtale med heimen
- eleven kan få i oppgåve å rette opp skaden, t.d. ved hærverk el. Liknande
- skriftleg melding fra kontaktlærar eller rektor
- ved regelstridig bruk av mobiltelefon og anna elektronisk kommunikasjonsmiddel, vil lærar inndra dette for resten av skoledagen. Faglærar orienterer eleven kvar han/ho kan hente utstyret ved skoleslutt.
- bortvising frå klasse eller gruppe for ei stutt periode/resten av timen
- bortvising i inntil tre dagar (Reglar for bortvising: § 2 –10 i opplæringslova)
- nedsett karakter i orden og/eller åtferd.
- ved straffbare forhold (t.d. tjuveri, fyrverkeri, vald, bruk av rusmiddel) melder rektor frå til lensmannskontoret.

NB. Uro, forstyrring og bortvising frå undervisning.

1. Elev kan visast på gangen for ei stutt periode. Eleven skal opphalde seg ved klasseromsdøra. Eleven skal vere attende i klasserommet før timen er slutt.

2. Ved stadig uro i timen kan eleven sendast til administrasjonen, for at eleven skal opphalde seg der resten av timen. Læraren skal kontakte og informere adm. om hendinga. Faglærar skriv melding til kontaktlærar om hendinga. Kontaktlærar varsler heimen.

Klasseregular.

Kvar klasse diskuterer seg fram til inntil 4 positive handlingar for god praktisering av ordens- og åtferdsreglane.

Friminutt og leik.

Balleikområdet er Bingen, basketballbana og på grasplena. Snøballkasting og hardhendt leik er forbudt. Skolen har ikkje område som kan brukast til rullebrett, rulleskøyter eller sykling.

Elevoppgåver.

Til vanleg er elevane ute i friminutta, men frå ca. 1.november til ca.1. mars har skolen ei inneordning (sjå eige reglement).

10.årssteg har vaktansvar i 1. etg i sør- og midtbygget og har eigne vaktvestar.

9. årssteg har ansvar for rydding ved fellesarrangemet t.d. i gymsalen.

Kvar dag har 8. årssteg ansvar for rydding av ute- og inneområda. Plukke søppel, ta inn uteballar m.m.

Spesielle ordningar.

Skolen sett inn 5000 kr på Elevrådet sin konto kvar haust. Eventuelt hærverk kan bli belasta denne kontoen. Overskotet går til felles elevarrangement.

Kvar månad kårar reinhaldspersonalet det ryddigaste klasserommet. Premie er kake til klassa. Det kan spelast musikk i friminutta. Elevrådet har ansvaret for dette.

Vedlegg til ordensreglane

AVTALE OM BRUK AV IKT-LÆREMIDDEL

- Eleven pliktar å bruke IKT-utstyret forsiktig og slik at det ikkje blir utsett for unormale påkjenningar eller slitasje.
- Eleven pliktar å oppbevare iPaden slik at den ikkje blir stole / mista.
- Eleven/ føresette pliktar å erstatte skade på utstyret som eleven med vilje eller gjennom uforsiktig bruk, er skuld i (skadeerstatningsloven § 1-1 og §1-2) Følgjande betalingssatser er sett for erstatning av IKT-utstyr som blir øydelagt av elevar:
 - Elev 1.-4.klasse: Erstatningssum 300,-
 - Elev 5.-7.klasse: Erstatningssum 700,-
 - Elev 8.-10.klasse: Erstatningssum 1 000,-

Desse summane gjeld for iPad som blir øydelagt slik at Nord-Fron kommune må erstatte med ny iPad for eleven. Erstatningsansvaret gjeld som elles i skulen når eleven ved vanvare eller med vilje utsett noko av skulen sitt utstyr eller inventar for slik behandling at ein kan bli halde økonomisk ansvarleg for dette. Om ein elev for andre gong blir vurdert til å ha erstatningsansvar for øydelagt iPad vil summen bli kr 2 500,- (Jmf brev frå kommunalsjef 05.03.2018, ref 18/3247)

- Mistar eleven lader eller ladeledning skal eleven seie i frå til skulen slik at skulen kan bestille ny. iPaden er leaset og må leverast tilbake med original lader, faktura blir sendt heimen i etterkant.
- Eleven pliktar til einkvar tid å ha iPaden i Otterboxen (coveret) som fulgte med.
- Eleven kjem med iPaden fullada kvar morgen.
- Eleven veit at brukarnamn/passord er personlege, og ikkje skal gjevast til andre.
- Eleven veit at han/ho ikkje har lov til å logge inn med annan brukar sitt namn/password.
- Eleven veit at all bruk av IKT blir loggført og lagra.
- Eleven veit at både klassa sitt og sitt eige private brukarområde kan bli lest og eventuelt sletta av skulen sine lærarar.
- Eleven veit at e-post som vedkomande har sendt, kan bli spora attende til eleven.
- Eleven veit at læraren kan sjå skjermbilete til eleven på sin eigen dataskjerm.
- Eleven veit at det ikkje er lov å bruke Facebook eller andre sosiale medier, utan lov frå lærar.
- Eleven veit at det ikkje er lov til å bruke apple-id på iPaden.
- Eleven veit at han/ho ikkje skal søkje etter, skrive ut eller lagre/bokmerke nettsider med
- pornografisk, rasistisk, blasfemisk, nazistisk eller kriminelt innhald.
- Eleven veit at han/ho ikkje har lov til å bestille varer eller tenester av noko slag via Internett.

Dersom eleven bryt denne avtala kan det føre til at eleven mistar retten til å bruke skulen sine IKT-læremiddel for ei stuttare eller lengre periode. Dersom dette skjer, blir føresette informert.